

Noe du synes vi burde skrive om?

Har du god idé til reportasje?

Kontakt oss på ung@smp.no

SPORT KULTUR REPORTASJER SKOLE UTDANNING REISE LIVSSTIL HOBBY POLITIKK YRKESVALG HELSE M.M.

Sunnørsposten
ung

tips oss på ung@smp.no og ungsport@smp.no

se også ungsidene på smp.no



STORDAL PÅ PALLEN. Disse tre jentene sørga for trippel Stordal i klasse 12-13 år under KM i Molde søndag, frå venstre: Andrea Vinje Tøsse, Kristiane Nakken og Kine Kvammen Tøsse.

Stordalstrio på pallen

Søndag var det dukka for KM i super-G for klassene frå 10 år og opp til 14-15 år for både gutar og jenter. Rennet gjekk føre seg på Tusten Alpinksenter ved Molde.

MOLDE. I klasse 12-13 år, var det stordalsjentene Kristiane Nakken, Andrea Vinje Tøsse og Kine Kvammen Tøsse som dominerte. Dei tre jentene tok både gull, sølv og bronse, og vinnaren, Kristiane Nakken, var utruleg glad for å ha blitt KM-mester.

– Eg synes eg gjorde ein god prestasjon, sjølv om det var litt krevjande i andre omgang på grunn av føret, seier ho. Nakken var overraska over at ho vann, men likte å vinne.

Sølvvinnar i klassa, Andrea Vinje Tøsse, syntes det var kjekt å renne, sjølv om det var litt tåkete. På spørsmål frå reporteren svarar ho med eit smil:

– Eg veit ikkje riktig kor lenge eg har halde på, men sida eg var lita.


Det var ikkje berre Nakken og dei to andre jentene som gjorde det

godt frå Stordal. I klasse jenter 11 og 12 blei det første- og tredje-plass til Stordal. Også bronse i klasse jenter 14-15 år gjekk til Stordal.

To renn. Det vart kjørt to renn i kvar aldersklasse gutar og jenter; KM-rennet var kvalifisering til Landsfinalen og Hovedlandsrennet. Hovedlandsrennet vart arrangert i Hafjell alpinksenter frå 13. til 19. mars.

Renna var prega av god stemning, og godt oppmøte av foreldre som var der for å sjå på og heie fram borna sine.

Været var særskiftande med snøbyger, likevel letta det ein smule opp og heldt seg fint ein periode vidare ut i det andre rennet. Sjølv om det var tett tåke før ren-



ENERGISK. Børge Skar Eriksen frå Spjelkavik susar forbi ein port i energisk stil. Han vart nr 5 i KM, klasse 12-13 år.

net begynte, og snøen dalte ned, sette det absolutt ingen stoppar for deltakarane.

Markerte seg. Mange av sunnmøringar markerte seg. Mathias Hjelseth frå Sykkylven som tok gull i klasse gutar 12-13 år og Ole-Kristian Aarseth frå Stranda tok sølv i

same klassa. Eldste klasse, 14-15, var elles dominert av sunnmørsalpinistar. Dei fem første plassane i jenteklassa og dei åtte første plassane i guteklassa gjekk til utøvarar frå Sunnmøre.

Gror bak søstre. Eirin Linnea Engset vart KM-mester i jente 14-15,

og Daniel Øverås for gutane i same klasse, begge representerer Spjelkavik IL. Det viser at det gror godt i klubben bak søstrene Lene, Nina og Mona Løseth som alle er på Norges sitt verdenscuplag.

Eg synes eg gjorde ein god prestasjon

KRISTIANE NAKKEN

ASTRID STRØMMEGIERDE
JAN ERIK ERIKSEN (FOTO)
ungsport@smp.no